

## Sak 8

### Saksutgreiing

Reguleringsplan for Røysaleite frå 1982 har utnyttingsgrad (U) på 0,15, dvs. at det kan byggjast ut 15 % av arealet på ei tomt. Dette er relativt lite samanlikna med andre reguleringsområde som er samanliknbare. F. eks. har Dalen og Monken  $U = 0,25$  og  $U = 0,3$ . Alle endringar i høve til dagens reguleringsplan medfører krav om dispensasjonssøknad med høge gebyrsatsar og meir usikkert utfall.

Styret innstiller på at grendalaget ber kommunen om ei reguleringsendring slik at U vert endra frå 0,15 til 0,3. Styret meiner at Røysaleite framleis skal vere eit einebustadområde og at utnyttingsgraden ikkje må bli så høg at det vert plass til to hus pr. tomt. Slik tomtene på Røysaleite er vil ikkje dette vere mogleg med ei auke til  $U = 0,3$ .

### Framlegg til vedtak

Årsmøtet ber styret om å fremje forslag til kommunen om reguleringsendring der utnyttingsgraden i reguleringsplan for Røysaleite blir endra frå 0,15 til 0,3.